



VELKOMEN TIL SOMMARFERIE FOR ALLE

+ Røde Kors Sogn og Fjordane





Om Haugland

Haugland er ein 1150 mål stor eigedom ved Flekkefjorden i Sogn og Fjordane. Overrettssakfører Christian Bekker overlet heile eigedomen som testamentarisk gåve til Sogn og Fjordane Røde Kors då han døydde i 1980; 102 år gamal. Haugland i dag rommar Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter med 60 plassar, og UWC Røde Kors Nordisk internasjonale skule, med elevar frå over 90 land.

Haugland er ein utruleg vakker og flott plass for å skape gode sommarferieopplevingar, som er grunnen til at Røde Kors arrangerer sine leira her.



Program og aktivitetar

Det er tre økter med aktivitet per dag: Kl. 10–12, kl. 14–16, og kl. 16–17.30.

Vi har aktivitetar som kano, tube, SUP-brett, fiske og ro, pizzabaking, hesteriding, bassengbading, bading i sjøen m.m.

Om kveldane er det aktivitetar i Aktivitetshuset, som til dømes brettspel, bingo, kino, musikk og uteleikar. Etter avslutning er det ro for kvelden.

Mat og drikke

Frukost, variert lunsj og middag vert servert i UWC-kantina. Enkel kveldsmat serverast i Aktivitetshuset.

Butikk

Næraste butikk er i Flekke, 3 km. frå Haugland.

Vertskap

Våre frivillige ferievertar i Røde Kors og tilsette ved UWC har i oppgåve å fylle veka med aktivitetar i trygge rammer for gjestane. Dei har møte kvar morgon kl. 09.30 for å planlegge dagen og fordele oppgåver. Om det er noko du lurar på eller treng hjelp til, så er det berre å spørje dei.



Opphald

Alle gjestane bur i internathusa på UWC. Romma har eige bad. Det følgjer med sengetøy og handkle.

Kvart hus har sitt eige namn etter dei nordiske landa. Sjå etter kva ditt hus heiter når du kjem.

Når leiren er slutt, må du ta av sengetøyet og rydde rommet før du reiser. Nøkkellaster ved utsjekk i kantina. Gebyr for mista nøkkellaster er kr. 150,-

Foreldre

Foreldra har sjølv ansvar for barna under opphaldet. Ferievertane vil så langt det er mogeleg hjelpe til med avlasting for dei som treng det, men då må det avtalast på førehand slik at vertane kan planlegge dette på morgonmøtet.

I vatn

Ingen skal bade åleine ute eller vere åleine ved sjøen. Ved bruk av båtar eller kanoar, skal aktivitetsleiarar frå UWC vere med.

Oppstart og heimreise

Oppstart av leirane er måndagen. Heimreise er på fredag kl. 14.

Vask og tørk av kle

Du kan vaske og tørke kle gratis i «Onkel Toms hytte», det raude huset i buområdet. Der er også ekstra sengeklede og handkle.

Røyking

Det er ikkje tillette å røyke innandørs. Ver ven å nytte tilvist røykeplass bak Aktivitetshuset av omsyn til andre gjestar.

Rusmiddel

Det er nulltoleranse for bruk av rusmiddel, inklusiv alkohol. Det gjeld gjestar, følgje og frivillige. Brot på denne regelen kan føre til bortvisning frå leiren.

Forsikring

Senteret har eiga gjesteforsikring. Deltakarane må sjølv ha reiseforsikring.

Hugs å ta med:

- Fritidsklede til inne- og utebruk
- Jakke og joggesko
- Regnklede
- Badetøy og badehandkle
- Toalettsaker
- Drikkeflaske

Kontakt oss

22 05 40 00



For spørsmål om påmelding eller transport
kontakt: irene.groneng@redcross.no



Røde Kors Sogn og Fjordane

I samarbeid med Røde Kors Nordisk UWC og Røde Kors
Haugland Rehabiliteringssenter

www.rodekors.no/sfj/ffa